



No har Husnes gått forbi Uskedalen – kva blir det neste? (Foto: Ola Matti Mathisen)

Knivinga mellom Uskedalen og Husnes om å bli "Årets Båthavn" held fram. No har Husnes rykka forbi Uskedalen som sist hadde leiinga. Husnes toppar dermed lista, men Uskedalen held andreplassen.



Fornøgde gjestar frå Sveio i Øyro Marina. Foran sit Olaug Fagerland og Reidun Jacobsen. Bak står, frå venstre, Trond Fagerland, Johannes Jacobsen og Ingvar Fagerland. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Helgøysund er nummer tre, Bjoa nummer fire og Farsund nummer 5. Dysten held fram til 5. august og ein kan stemme ved å slå opp på **gjestehavner.no**.

Under rubrikken "Si din mening" er det referert ein ytring om Uskedalen-hamna der det som positive element blir påpeika "beliggenhet, vakre omgivelser og hyggelig service".

Om Husnes skriv ein at hamna er gjestfri, ligg i livd, har triveleg vertskap og at det er stutt avstand til handel og service.

Den nye leiinga i Uskedal Båtlag er påpasseleg når det gjeld å oppdatera opplysningane på nettet. Mellom anna står det no å lesa at det er "nyopna vertshus i strandkanten".

Det store innrykket av gjestebåtar til Uskedalen har elles ikkje kome enno, og av utlendingar har vi berre observert tre tyske båtar så langt denne sommaren.

Måndag var det to båtar frå Sveio og ein frå Sotra som utgjorde 'gjesteflåten'. I Sveio-båtane fann uskedalen.no en kvintett som kjem att gong på gong og det er meir eller mindre tilfeldig om dei hamnar i Øyro Marina eller i hamna til båtlaget.

- Vi er her minst to-tre gongar om sommaren, fortalde dei fem og svara slik på spørsmålet om kvifor dei kjem til Uskedalen:

- Det er lunt her - og varmare enn i Sveio! Vidare er det vakker natur med fint turterreng. Eigentleg har vi ikkje noko å klaga over i Uskedalen.

- Kva med erfaringane frå andre båthamnar i Sunnhordland-området?

- Stordhamna var ei nedslåande oppleving, medan Husnes-hamna er svært bra. Vi forstår kvifor den tidlegare har gått til topps.

Av Ola Matti Mathisen